

Språk: Noregs Mållag heldt haustseminaret sitt på Lillehammer helga 13. – 14. oktober.

Austmannamålet

MENINGER

Jens Haugan

Hamar dialekt- og mållag



Dei som meiner nynorsk er eit «vestnorsk særspråk», ville kanskje tru at eit slikt årleg seminar burde ligge på Vestlandet, helst i Ørsta kanskje, men det gjorde det altså ikkje vestnorsk.

Men Oppland ligg for så vidt vest for Hedmark. Lillehammer ligg seks mil nord for Hamar. I eit land som Noreg er seks mil ikkje nokon avstand.

Oppland er framleis eit fylke med svært mange aktive nynorsk-brukarar-personar som definerer seg sjølv og kulturen sin gjennom målforma si. I «gamle dagar» var Oppland og Hedmark til saman «oppplanda» (Opplandenes Amt).

I dag snakkar ein helst om «Innlandet», men ingen i Oppland eller Hedmark ville nok finne på å kalle seg for vestlending.

■ Fylkesmållaget som er paraplyorganisasjonen for lokallaga i Oppland og Hedmark, heiter

«Austmannalaget». Dette er faktisk eit ord med dobbel tyding.

Ut ifrå dagens perspektiv er det naturleg å tenkje på at namnet representerer lokallaga aust i Noreg. Nynorskbrukarane innanfor området til Austmannalaget ville nok i beste fall sjå på dialekten sine som «austnorske særspråk», men altså ikkje vestnorsk.

Ut ifrå eit byperspektiv (Lillehammer, Gjøvik, Hamar) vil kanskje også mange meine at dialektena frå distrikta er «særspråk» eller også «graumål».

I mellomalderen var ein austmann ikkje ein person ifrå Austlandet eller opplanda, men faktisk rett og slett ein nordmann. Uttrykket «austmann» hadde eit perspektiv frå vest, og det var islendingane som brukte denne termen om nordmennene.

Her i området kunne ein dermed godt syngje: «Mellom bakkar og berg ut med Mjøsa heve austmannen fenge sin heim». Men når ingen har komme på dette før, er det kanskje ikkje nokon stor sjasse for at vi vil kunne få ein eigen mjøsbysong på austmannamål.

■ Dei siste åra har det komme minst tre dialektdbøker frå om-

rådet rundt Hamar. Ein prøver å vise i kva grad Stange, Ringsaker og Furnes har «eigne» ord; ord som avvik frå standardspråket, som dei fleste oppfattar som bokmål.

Det interessante med dialektdbøker er at ein prøver å definere sin lokale identitet i forhold til enkelte ordformer, og at det er eit poeng at ein har ord eller bøyinger som skil seg frå nabodialekten eller standardspråka.

Sjølv om mange føler ei sterk tilknyting til dialekta si, argumenterer dei for at skriftspråket er noko heilt anna enn dialekt, og dei aksepterer at det kan vere store avvik mellom skriftspråket og måten dei sjølv ville ha uttrykt seg på munnleg.

■ Ivar Aasen gjorde i si tid den mest omfattande dialektinnsamlinga nokosinne for å prøve å lage eit tverrsnitt av dei norske talemåla, som i neste omgang skulle danne grunnlaget for eit felles skriftspråk.

Det er nesten litt merkeleg at ikkje fleire «austmenn» som ønskjer å ta vare på dialekta si, interesserer seg for Ivar Aasen sitt arbeid og bidreg til at dei austlandske talemåla i større grad også blir representerte i skriftspråka.

MÅ REGULERES AV PARTENE

Arbeid

■ Hedmark Arbeiderparti står last og brast med arbeidstakerne, for at vi skal opprettholde og forbedre et godt og trygt arbeidsliv.

■ En av de viktige grunnene til at Norge lykkes er at mange er i arbeid. Gjennom arbeid og innovasjon sørger arbeidstakere og næringslivsledere for at Norge går godt, og sammen skaper vi verdiene som sikrer velferden for framtida.

Siden 2005 er om lag 320 000 flere kommet i jobb. To av tre i privat sektor. Mens mange millioner er arbeidsledige i Europa har Norge nå lavere arbeidsledighet enn i 2005.

Til tross for finanskrisa har Norge greid å kombinere lav le-

dighet og økonomisk vekst med bevaring av et anstendig arbeidsliv og igangsetting av kraftige virkemidler mot sosial dumping.

■ Hedmark Arbeiderparti mener at omfanget av innleid arbeidskraft reduseres og at de innleide og vikarer sikres like vilkår som de fast ansatte.

Derfor ser vi frem til at likebehandlingsprinsippet og solidaransvaret trer i kraft fra 1. januar som et viktig bidrag for å lykkes med nettopp dette.

■ Hedmark Arbeiderparti hegner om trepartssamarbeidet og den norske modellen. Partene i arbeidslivets suverene rolle i

lønnsdannelsen, er bærende for vår samfunnsmodell.

Denne modellen er en av grunnen til at Norges økonomiske situasjon, står som en kontrast til resten av Europa.

Det er derfor med stor uro at vi ser galopperende ledelønninger i privat og offentlig sektor, som utfordrer denne samfunnsmodellen.

Hedmark Arbeiderparti mener at arbeidslivet må aktivt reguleres politisk og av partene i arbeidslivet. Det kan ikke alene overlates til markedet slik Høyre og Frp kjemper for.

Norsk arbeidsliv skal bli bedre. Arbeiderpartiet tar Norge videre. Bente Elin Lilleøkseth
Leder, Hedmark Arbeiderparti

DAM
går til fili

Drømmekonserten
NMF

Hamar Dame
og inviterer

Lørdag 27. oktober

Hamar dameband me
Bekkelig, Ingrid Ivers
Konferansier: Toril Ny

Se nye fordeler med H

2012 HA

HA-kort p
Ord. pris k